


MB

menighetsbladet

1 - 2015

FOR SÅ ELSKA GUD
VERDA AT HAN GAV
SON SIN, DEN EIN-
BORNE, SÅ KVAR
DEN SOM TRUR PÅ
HAN, IKKJE SKAL GÅ
FORTAPT, MEN HA
EVIG LIV.

JOHANNES 3.16



KLEPP
BORE
ORRE





Organ for Klepp Prestegjeld.
Kjem ut 5 gonger i året.

Redaksjonskomité:

Einar Egeland
Anne Håkonsholm
Arvid Hareland
Ingunn D. Aandal - kontaktperson

Layout: Linda Aanestad

Trykk: Olsson as

Postadresse:

Menighetsbladet
Postboks 101
4358 Kleppe

Telefon: 51 78 95 55
e-post: menighetsbladet@klepp-kirken.no

Bankgiro: 3290.07.02239

Neste nummer: 26.03

STOFF MÅ LEVERAST

INNAN 03.03!

(Med forbehold om ledig plass.)

Stoff-fristen må overhaldas!

SURF INNOM
WWW.KLEPP.KIRKEN.NO
ELLER
WWW.KLEPPKYRKJE.NO
VELKOMEN!

KLEPP KYRKJELEGE FELLESRÅD

KLEPP KYRKJEKONTOR

Besøksadresse: Kleppvarden 2, 4352 Kleppe
Postadresse: Postboks 101, 4358 Kleppe
Telefon: 51 78 95 55
Telefaks: 51 78 95 50
e-post: kontor@klepp-kirken.no
e-post Menighetsbladet: menighetsbladet@klepp-kirken.no
Heimeside: www.klepp.kyrkja.no

KONTORTIDER

Måndag - torsdag: 08.30 - 14.30
Fredag: 08.30 - 12.30
Elles etter avtale

Frøyland og Orstad kyrkjekontor:

Dagleg leiar Ingunn Matre 52 97 31 50 928 05 942
Driftsleiar Geir Ådne Vestvik 52 97 31 54 928 56 689
Besøksadresse: Orstadbakken 33, 4355 Kvernaland
Postadresse: Postboks 43, 4356 Kvernaland
Telefon: 52 97 31 50
Heimeside: www.fok.no

Bore kyrkje 51 42 22 52
Soknerådet, Nikolai Homme 51 42 00 77 900 53 744

Klepp kyrkje 51 42 16 39
Soknerådet, Maria Friestad
Bergseth Sikkeland 982 51 048

Orre kyrkje 51 42 23 46
Soknerådet, Lars Bjarne Salte 900 41 782

TELEFONLISTE ANSATTE:

Namn	Direktenummer	Mobil
Kyrkjevevje, Per Åge Skretting	51 78 95 60	900 58 503
Sekretær, Ingunn D. Aandal	51 78 95 59	924 19 934
Sekretær, Kari Haavardsholm	51 78 95 55	992 66 752
Sokneprest, Andreas Haarr	51 78 95 51	977 16 339
Sokneprest, Åsmund Steinnes	51 78 95 52	402 01 978
Sokneprest, Morgan Fjelde	52 97 31 51	489 97 108
Prest, Jarle Minnesjord	51 78 95 54	970 66 145
Prest, Frode Helvig		986 03 405
Prest, Leif Inge Norland Brekke	51 78 95 65	413 01 865
Kantor, Ola Sotnakk	51 78 95 58	996 28 182
Organist, Arne Hadland,	51 48 83 77	
Organist Beth Elin Byberg (vikar)		990 21968
Diakon, Henny Lie Sandve	51 78 95 56	473 02 252
Kateket, Karsten Wilhelmsen Degnes	51 78 95 53	450 48 726
Menighetspedagog, Kjersti Olimb Salte	51 78 95 57	478 70 004
Trusopplærer og dagleg leiar		
Olaug Mestad Slettbakk	51 78 95 57	936 59 296
Ungdomsarbeidar, Christine Å. Hansen	51 78 95 62	934 34 923
Ungdomsarbeider Daniel Lyngstad	51 78 95 64	977 24 948
Ungdomsarbeider Camilla Steinskog	51 78 95 64	481 99 131
Kyrkjetenar, Ketil Arne Terning	51 78 95 61	900 35 471
Klokkar Orre, Bjørn Borgen	51 42 86 94	900 19 534

Noe nytt

Godt nyttår! Egentlig har jeg tenkt en del i det siste på at noe nytt skal skje. Som menighetspedagog i Orre har jeg ansvar for å skrive planen for trosopplæring i Orre sokn. Nå er det første utkastet ferdig. Den inneholder mange nye tiltak og aktiviteter som barn og unge på Orre vil få invitasjon til. Hva vil vi med alt dette?

Når vi blir døpt blir vi Guds barn og Gud skaper tro i vårt hjerte. Det skjer noe nytt! For at dette nye skal vokse trengs det næring.

Å sørge for denne næringen er foreldre, faddere og menighetens ansvar. Derfor har vi laget en hel plan for hvordan barn og unge skal få næring

for sin tro slik at den kan spire og vokse. Navnet på planen er ganske enkelt "Spira".

I Jesaia 43.19 står det: "Nå skaper jeg noe nytt. Det spirer allerede fram" Vi har faktisk nettopp feira det nye som skjedde. Gud sendte Jesus og ga oss mennesker en helt ny mulighet. Når vi tar imot Jesus skaper han noe nytt i oss og rundt oss. Tro vil spire og vokse og andre vil få merke at noe har skjedd.

Det blir spennende å invitere til nye samlinger og gudstjenester. I mars vil vi invitere alle ett. to og treåringer til 1 2 3 Spira gudstjeneste. Dåpsskolen for 6 åringer skal også være med og vi skal pynte i kirkerommet med blomsterspirer.

*«For likesom jorden lar spirene vokse, som en hage lar vekstene gro, slik skal Herren vår Gud la rettferdighet og lovsang lyde for alle folkeslag»
Jesaia 61.11*

Som menighetspedagog skal jeg få være med å formidle hva dette betyr og min bønn er at tro på Gud skal spire og vokse.

Av Kjersti Olimb Salte



Ønskjer du nokon å snakka med?



Du er velkommen til å ta kontakt med prest, kateket og diakon for samtale.

Diakon Henny Lie Sandve tlf. 51 78 95 56

Sokneprest Andreas Haarr (Klepp): tlf. 51 78 95 51

Sokneprest Åsmund Steinnes (Bore): tlf. 51 78 95 52

Kateket Karsten Degnes: tlf. 51 78 95 53

Prest Jarle Minnesjord (Orre): tlf. 51 78 95 54

Prest Frode Helvig (Klepp Stasjon): tlf. 986 03 405

Skjerm meg fra skjermene!



Jeg har hørt ektefeller sagt at de vil henge opp et stort skilt ved døra inn til stua: «Mobilfri sone!»

PC, Mac, Ipad, Ipod, smarttelefon, TV - vår tids skjermer er mange og finnes i ulike størrelser i alle hjem. De er til nytte, glede, avkopling og underholdning - og forvillelse. De brukes til jobb, e-post, face book, spill, finn.no og mye, mye mer. De tar tid og oppmerksomhet. De stjeler tid og oppmerksomhet ektefeller imellom, og mellom foreldre og barn.

Ikke uvanlig er situasjoner hvor en ektefelle, sliten etter jobben slenger seg ned i stua med en av sine skjermer, mens den andre ektefellen eller barna ikke oppnår konsentrert oppmerksomhet. Det kan være jobbrelatert eller blott til lyst og avkopling. Men familien «oppnår ikke kontakt med abonnenten». Far eller mor er i sin dataverden og ikke mentalt til stede. Barn og ektefelle føler seg oversett og personen som stirrer inn i skjermen tar ikke del i familielivet, hverken praktisk eller mentalt.

Jeg har sett hvordan irritasjon går over til frustrasjon, sinne og oppgitthet hos den som føler seg og sine barn stadig utkonkurrert av en skjerm. En angrende skjerm-synder bestemte seg for å legge sine skjermer fra seg i den ytterste entreen etter jobb, for å være til stede for familien, ikke bare fysisk men også mentalt. Jeg har hørt ektefeller sagt at de vil henge opp et stort skilt ved døra inn til stua: «Mobilfri sone!» Ukritisk bruk av skjermer hjemme kan være en medvirkende grunn til at ekteskapet skranter og til ønske om skilsmisse. Foreldres misbruk eller avhengighet av skjermer er i tillegg dårlig modellering for barna. En foreldre som sees mye bak skjermer, har liten troverdighet i å sette grenser for barnas databruk.

Det er ingen Bibelord om disse skjermene, men det er Ord som kan være retningsgivende også her: Det er som med penger, ikke skjermene i seg selv som er skadelige, men vår bruk og avhengighet av dem: «For kjærligheten til penger er roten til alt ondt.» 1 Tim 6,10a. Det er vår praktiske bruk av skjermene som bestemmer om det er sunt eller skadelig bruk, for oss selv og de rundt oss. Jesus sier også «Ingen kan tjene to herrer.» Matt 6,24a. Vi kan umulig gi god oppmerksomhet til ektefelle eller barn, samtidig som vi er på nettet! Og så spør det hva du velger som din største skatt, i praktisk livsførsel; ektefelle, barn eller skjermer: «For hvor skatten deres er, der vil også hjertet deres være.» Luk 12,34

Kjell Aanensen





FASTEAKSJONEN 2015

KONFIRMANTENE KOMMER 24. MARS.

I kriser er vatn kritisk.
Vi er der i katastrofen med
reint vatn. No treng vi deg.



KIRKENES NØDHJELP
actalliance

Send **GAVE** på sms til **2468** (200 kr)
eller ring **820 44 088** (200 kr) eller
benytt kontonummer **1594 22 87493**

LESER DU MENIGHETS- BLADET?

«Alle leser Menighetsbladet»
får vi av og til høre.
Men er det slik?



På en tilfeldig torsdag i januar på Jærhagen var det mange som sa ja på spørsmålet om de leser menighetsbladet, men det var et stykke mellom dem som ville svare på noen spørsmål og komme på trykk i bladet. Marit Laksessvela er vår første person i denne serien. Hun er 65 år.

Leser du
Menighetsbladet?

Ja.

Leser du alt eller
kikker du bare på
bildene?

Det er alt etter hva
som står.

Er det stoff du er
spesielt interessert i?

Det som handler
om dem som er
ute og reiser. Jeg
har en datter som

er med i menig-
heten.

Er det stoff du
savner?

Jeg kan ikke si det

Bør bladet fortsette
å komme ut på
papir?

Det bør det! Det
finnes mange eldre
folk som ikke har
PC.

Interesser?

Ja, massel!
Stavanger helse-
sportlag, turnen,
liker å trene, og
mye mer

Har du noe spesielt
du vil si?

Noe av det mest
interessante som
kommer ute er lis-
tene med navn på
konfirmanter

Av Einar Egeland



Mange glade menneske kjem innom både til oppbyggeleg og meir matnyttig aktivitet.



Dette skal bli Julemesse. Nei, dette *ER* julemesse!

Tekst Jan Sigmund Sandmark, foto Einar Egeland

Med utsyn frå hjørna mitt ved døra i bedehuset ser eg ut over ein sal med hektisk aktivitet.

Ei karavane av sterke mannfolk, unge som eldre, kjem frå kjellaren med bord og bukkar som skal setjast opp langs veggene. Det skal bli langbord for a stilla ut alle salsvarene: spøtavottar og sokkar, vesker og klutar, krumkaker og lefser. Ved sida av meg på eit bord står det utskorne figurar og hendige bruksgjenstandar i tre som det luktar snikkarverkstad av. Myndige damer peikar, og mennene set saman bord og krakkar der dei får tilvist plass.

Ute i den romslege gangen veks det fram eit vell av utval i friske grønsaker, sylta bær og Norgesglass med spennande og for u-innvigde, ukjent innhald. Det rår ein hektisk aktivitet, kan henda litt kaotisk, men

gir ein seg tid til å sjå betre etter ser ein at alt er målretta, alle ting har sin faste plass og dei som utfører arbeidet er rutinerne og stemninga er forventningsfull og glad. Dette skal bli Julemesse. Nei, dette *er* julemesse! Julemessa for NMS på Kleppe Bedehus er nemleg ikkje noko som startar fredag kl 19.00 ein dag i november og sluttar dagen etter i 15 tida dagen etterpå – slik det gjerne går fram av annonsa. Nei, julemessa «starta» tidleg på våren og byggjer seg opp: evaluering, planlegging, pr-arbeid, inspirasjonssamling, og så loddsal, kontakt med butikkar og leverandørar av frukt og grønsaker, arbeidsfordeling og dugnad.

Så blei det ei gild messe i år også, mange glade menneskje kjem innom både til oppbyggeleg og meir matnyttig aktivitet. I kjellaretasjen

vimla det av barn i mange ulike aldrar. Nokre var utkleddesom japanarar, for i år var det Japan som stod i fokus på Barnas Julemesse. «Barnas Julemesse» har synt seg å vera eit særst godt og populært tiltak som engasjerer og aktiviserer barna på ein fin måte. Det samla økonomiske resultatet blei svært godt (om lag kr 300.000) og det aller meste av salsvarene blei selde. Som ved dei fleste dugnader er det mange som deltek og gjer løftet mogeleg. Det er likevel ein sikker regel at det finnes nokre eldsjeler som dreg lasset, som inspirerer, organiserer og som gjerne tek på seg dei usynlege og langsiktige jobbane. Desse treng vår støtte, dei er verd vår beundring.

I 2015 blir det julemesse 13. og 14. november.



Blide og engasjerte vertinner med høy trivselsfaktor. Til venstre Tone Reiten og til høgre Randi Tjelle.



Det økonomiske resultatet blei svært godt. Her er eld-sjel Johannes Byberg i full gang med åre-trekninga.



Nokre var utkledd som japanarar for i år var det Japan som stod i fokus på Barnas Julemesse.

«Barnas Julemesse» har synt seg å vera eit særst godt og populært tiltak.



UANZ 2014



Hilde Svela ledet oss inn i egentid på lørdag



Fra konserten på lørdags kveld med Trygve Skaug

Tekst: Camilla Steinskog / Foto: Birgitte Maudal og Ruben Friestad Bergseth

Uanz ble holdt for første gang høsten 2013, og var en kjempesuksess! Derfor var mange spente før helga 21-23. November 2014, da vi kjørte i gang Uanz for andre gang. Fredag kveld var alle de 90 medarbeiderne samlet i Frøyland og Orstad kirken og gjorde de siste forberedelsene før helga. Scenen ble rigga, bønnvandring og forbønn ble gjort klart i rommet "Z", cola, vaffelrøre og snacks fylte kiosken, stands ble satt opp og alle medarbeidere fikk god pizza. På slutten hadde vi nattverd og ba sammen. Uanz var klart for innrykk!

Totalt var det over 400 mennesker inntil som deltakere og medarbeidere. Tema for helga var Bibelen 100%, og vi ønsket å gjøre ungdommene på Jæren enda mer glad i bibelen sin. Gjennom taler, lovsang, seminar, egentid lærte vi om at Bibelen er 100% ekte, relevant, forvandlende og utfordrende. Under konferansen hadde vi folk i kapellet som satt å leste konstant fra det nye testamentet, og vi nådde nesten målet om å lese gjennom hele NT. Ellers på programmet var det mye sosialt, konsert med blant annet Trygve Skaug, stands, kiosk, mye god mat, og det var generelt utrolig bra stemning i kirka!

I løpet av helga hadde vi misjonsprosjekt til Åpne Dører, og fikk besøk fra Egypt, Nord-Korea og England. av flere forfulgte kristne. Vi fikk høre de sterke historiene til to jenter fra Egypt, og også fra ei jente fra Nord-Korea. Vi samlet inn penger og solgte 4 bilder lagt av Premjai Phanthuya og Johannes Kleppe, og fikk inn totalt 71 000 kr! På den aller siste happeningen fikk ungdommene en smak av hvordan livet som forfulgt kristen kunne være. Møtet ble stormet av et militært politi, og lederne på konferansen ble arrestert.

Uanz 2015 blir også en realitet! 21. – 22. november inntar vi igjen Frøyland og Orstad kyrkje og gleder oss til hva Gud skal gjøre der!

Tema for helga var Bibelen 100%, og vi ønsket å gjøre ungdommene på Jæren enda mer glad i Bibelen sin. Gjennom taler, lovsang, seminar, egentid lærte vi om at Bibelen er 100% ekte, relevant, forvandlende og utfordrende.



Folk strømmet på lørdags morgen. Her ser vi fv. Tonje Lea, Regine Bore og Ida Perny Clausen



God stemning før første åpningsmøte.

Kyrkjevalet 2015

Det er tid for val for nytt sokneråd og bispedømeråd/kyrkjemøte 13.september. Valet vert samstundes med val til kommunestyre- og fylkesting. Nominasjonskomiteane i dei ulike sokna startar arbeidet sitt med å finna kandidatar til sokneråda. Dersom du ynskjer å stilla til val er det berre å ta kontakt med kyrkjekontoret, så kan me vidareformidla til rett sokn.

10 gode grunnar til å seie ja til å bli vald inn i eit sokneråd eller bispedømerådet.

1. Du er med på å halde lokalkyrkja levande
2. Du blir del av eit kristent fellesskap
3. Du gjer ein viktig jobb for fellesskapet
4. Du kan syte for eit trygt og godt fritidstilbod for born og unge
5. Du får innblikk i og påverkar dei demokratiske prosessane i kyrkja
6. Du får eit nytt nettverk i lokalmiljøet
7. Du kan syte for at kyrkja di er ei open og inkluderande kyrkje
8. Du kan påverke aktivitetstilbodet i nærmiljøet ditt
9. Du får nyttig styreerfaring som du kan bruke i andre samanhenger
10. Du kan oppdage nye sider ved deg sjølv

Ved bispedømerådsvalet er det høve til å stilla med eigne lister. Desse må vera underskrivne av minst 150 personar og vera innlevert innan 1.mai 2015. Meir informasjon om dette finn de på bispedømerådet sine heimesider: <http://www.bd.kirken.no/stavanger/event/doLink/famid/429056>

Turgruppe Bore 2015

Å gå på tur i frisk luft gjer godt både for sinn og skinn. Kjekkast er det når vi kan gå fleire saman. Difor ynskjer vi å ha med alle som kan, både seniorar og andre som er heime på dagtid.

Kvar onsdag, uansett ver. Vi samlast på ved Bore kyrkje og starter turen kl. 10.30.



Mat: Etter turen samlast vi til nistemat og drøs i Bore kyrkjestove (ca. kl. 11.30).

Ta med nistemat. Hugs kler etter veret. Du er hjarteleg velkommen!

Har du spørsmål, kan du ta kontakt med Karen Høie på tlf. 95018334.

Omsorgsutvalet i Bore kyrkjelyd

Seniørfest

**Klepp bedehus
onsdag 18. mars kl. 18.00**

"Å bety noe"

Ved prost Kjell Børge Tjemsland

Ungdommer fra Klepp deltar
Sang og musikk.
Informasjon om arbeid i Ukraina

Andakt ved Karsten Degnes
Åresalg. Smørbrød, kaker og kaffe.

Hjertelig velkommen!

Arr: Diakoniutvalget i Klepp og Bore

Prostiprest

Det er ein glede å kunne melde at Stavanger bispedømmeråd har tildelt Jæren prosti nye friske midlar til prestestillingsressurs. Ein del av desse midla, som svarar til 50% stilling som prostiprest, er no bestemt skal kome Klepp til gode.

For å nytte desse midla til det gode for kyrkjelydane i Klepp og til avlasting for dei andre bispedømmeråd-tilsette prestane, tilbyr nå Stavanger bispedømmeråd å tilsetje Jarle Minnesjord i 50% stilling som prostiprest i Jæren prosti frå 01.09.2014, og ha Stavanger bispedømmeråd/prosti som arbeidsgjevar i denne 50% stillinga. Han blir då tilset som prostiprest i Jæren prosti, og skal ivareta sokneprestfunksjonane på Orre. Vidare går han inn i turnusen saman med sokneprestane i Klepp og har tenesteveke kvar 5. veke. Dette inneber dermed ein reell avlasting for sokneprestane i Klepp samarbeidsområde. Elles vil han vere disponibel, i forhold til stillingsstorleiken, for prostiet til å ta vikartenester i andre kyrkjelyder. Han vil også delta både i beredskaps- og bakvaksordningar som gjeld for prostiet.

Jarle har til nå hatt ein 100% stilling løna med 50% midlar frå Fellesrådet og 50% midlar frå gjevartenesta i Klepp, Bore og Orre kyrkjelyder. Det er no denne gjevartenesteden av stillinga Stavanger bispedømmeråd tek over. Dette inneber at Klepp, Bore og Orre kyrkjelyder får fristilt sine gjevartenestemidlar knytt til stillinga Jarle no har. Eg håpar denne fristillinga av gjevartenestemidlar vil gjere det mogleg for kyrkjelydane å bruke desse midla til andre misjonale og kyrkjelydsbyggande tiltak, ja, kanskje også stimulere til å auke gjevartenesta.

Om denne løysinga når det gjeld stilling, har eg også vore i dialog med kyrkjevergen i Klepp.

Det er ein glede å kunne melde at Jarle Minnesjord har takka ja til denne stillinga, og ønskjer han hjarteleg velkommen også inn i prestefellesskapet med Stavanger bispedømmeråd som arbeidsgjevar. Dette inneber at han vil få to arbeidsgjevarar frå 01.09.2014, Stavanger bispedømmeråd og Klepp Kyrkjelege Fellesråd.

Guds velsigning i arbeidet vidare for dykkar kyrkjelydar og over tenesta til Jarle!

Kjell Børge Tjemsland,
Prost, Jæren prosti



Nytt fra Stiftelsen

KLEPP NYE KYRKJE

Reguleringsplanen for ny kirkegård og tomt til ny kirke er fremdeles til behandling i kommunen, men vi håper at den kommer på plass i løpet av våren. 3. lørdager i desember deltok stiftelsen med å arrangere juleverksted i samarbeid med Jærehagen. Ca 40-50 barn møtte opp hver gang. En positiv opplevelse for både små og store. 4. januar var det igjen vareopptelling på Coop Mega på Jærehagen med ca 30 deltagere fra oss.

Dugnader som kommer:

I uke 7(10/2) og uke 9(24/2) planlegger vi et lotteri hvor vi utfordrer Kleppsuen til å kjøpe lodd der inntekten går til ny Kirke. Vi vil besøke flest mulig husstander disse 2 ukene.

Den 23, 24 og 26 mars satser vi på å delta på passasjertelling på tog mellom Stavanger Vigrestad for NSB. For de som har anledning til å delta, er det bare å melde seg. Det er en enkel oppgave og «det e skynnt å kjøra tog». 31. mai vil vi delta i matteltet for sykkelrittet tour de Fjords. Lørdag 13. juni er det igjen stor dugnadsinnsats i forbindelse med nord-sjørrittet. Vi trenger ca 100 frivillige til å være med på denne dugnaden. For de som ikke har hatt anledning til å være med på dugnader tidligere, så er det bare å melde sin interesse, vi har behov for alle som vil delta.

En stor takk til alle som har deltatt i 2014. Vi fikk inn ca 400000 kr i løpet av året, så nå har vi passert 2 Millioner kr.

Vi minner ellers om bruk av nr 14444 hos Coop som gir bonus til ny kirke, og panting av flasker på Coop Prix på Klepp stasjon der inntekten går til det samme.

Konto nr 3290.52.71147 for gaver og givertjeneste.

Leif Solberg

Vikarierande kyrkjeverge

Per Åge Skretting er tilsett som vikar i stillinga som kyrkjeverge ut 2015. Han er 64 år og er APF-er etter over 40 år i ulike stillingar i Telenor, både lokalt i Rogaland og på landsplan. Han søkte stillinga fordi han såg at dette var utfordrande og spennande, og er klar over at kyrkja i Klepp har eit godt arbeid med mange engasjerte og dyktige medarbeidarar. Dette arbeidet vil han gjerne vera med å utvikla og føra vidare. Han bur på Varhaug og er gift med Borgny Ånestad Skretting

Engasjement utanfor Telenor har helst vore innan speidararbeid og det som skjer på Varhaug misjonshus, særleg innan IMF Varhaug. Han er med i Varhaug sokneråd og Hå fellesråd og kjenner difor ganske godt til kva arbeidet som kyrkjeverge inneber. Likevel så har han stor respekt for jobben, og er klar på at utan dei dyktige medarbeidarane på kyrkjekontoret, så hadde han ikkje teke utfordringa. Stillinga i seg sjølv er omfattande og krevjande, og eg må heilt klart nytta ein del tid i startfasen til å setja meg inn i arbeidet og ikkje minst i dei lokale forholda, seier han. Mitt ynskje er at kyrkjelydane i kommunen får driva arbeidet sitt på ein rasjonell og god måte. Her er både tilsette og frivillige viktige ressursar. Vidare er eg oppteken av å byggja gode relasjonar mot ulike organ utanom kyrkja, mellom anna bedehusa og ikkje minst kommunen, seier han. Han poengterer at kyrkja er til for folk, og kan vera ein viktig

støttefunksjon i ulike livssituasjonar. Her nemner han diakoniarbeid særleg retta mot einslege, sjuke og gamle, men og trusopp-læringa som har fått særleg fokus i det siste.

Det er trengt om plassen på kyrkjekontoret, og fellesrådet har bedt kommunen arbeida vidare med å løysa plassmanglane for kyrkjekontoret. Av ting på prioriteringslista nemner han ny kyrkjesal på Orre. Sjølve arbeidet med denne vil nok ikkje starta oppfør i 2016, men me må nytta 2015 til prosjektering og nødvendig forarbeid. Ny kyrkje på Klepp er og på lista, men det er nok lenger fram. Det som skjer nå, er klargjering for utviding av Klepp kyrkjegard. Det minkar på ledig gravplass, og ny gravlund er under planlegging og tilrettelegging vestfor Klepp kyrkje, området som går ned mot RV44. Det vil truleg vera behov for å ta den i bruk i 2015/2016.



TORS DAGS TREF FEN

Torsdagstreffen er en klubb, spesielt tilrettelagt for mennesker med funksjonshemming.

Vi samles en torsdag i måneden i Klepp kirke kl. 19.30-21.00. Starter med en andaktsstund i kirkerommet før vi går til menighetsalen. Der har vi forskjellige aktiviteter før vi avslutter med kveldsmat.

Alle er hjertelig velkommen.

PROGRAM FOR VÅREN 2015

Torsdag 26. februar
Vi lager fastelavensris.
Andakt ved Andreas Haarr

Torsdag 26. mars
Bingokveld.
Andakt ved Åsmund Steinnes

Torsdag 16. april
Utlodning. Ta med kr. 20,-
Andakt ved Andreas Haarr

Torsdag 4. juni
Vi drar på tur. Grilling, lek og moro. Andakt.
Avreise fra Klepp kirke kl. 17.45.

Kontaktperson: Diakon Henny Lie Sandve, 51 78 95 56/55.

Barnehender søker lego

Har du Lego som ligg og samlar støv i eit kott eller på loftet? Klepp kyrkjelyd jaktar på Lego til barne- og familiarbeidet! Har du noe me kan få? Både Duplo og Lego tek me imot med takk!

Ta kontakt med barne og familiepresten Leif Inge (41301865) eller lever legoen på kyrkjekontoret





«Enten vi da gir hjelp eller får hjelp så er det noen som blir glade og vi kommer inn i en god sirkel»

dette er eg *oppteken* av

Randi Kjøllesdal

“Den største gleden du kan ha det er å gjøre andre glad”

Denne teksten skrev læreren min i minneboka mi da jeg var 7 - 8 år. Men det er som voksen jeg aller mest har erfart sannheten i dette utsagnet. Du skal ikke mobbe, får vi høre. Men jeg har lært , - og erfart, at utsagn formulert med IKKE ofte virker mot sin hensikt. Hvis du sier til et barn: “Ikke gjør det”, vil du ofte erfare at det er nettopp det de gjør. Så istedenfor å si: ikke mobb kan vi heller si vis godhet!

Det er mange måter å vise godhet på, og vi mennesker oppfatter godhet på forskjellige måter. Noen liker å få gaver, andre liker best gode ord eller en god klem. Og andre igjen synes det er veldig kjekt å få hjelp eller konsentrert oppmerksomhet.

En menighet i Stavanger startet for noen år siden opp med en godhetsuke. De ville glede folk på ulike måter med f.eks. hjelp til hagearbeid, husmåling, bilvask og barnepass. Flere av dem som var med på dette har sagt er at de ble nok mest glade selv! Andre menigheter og forsamlinger har tatt etter, og for mange er det blitt slik at de ønsker å vise godhet hele året! Men vi trenger ikke å være i en menighet for å vise godhet! Vi kan jo begynne med familien og naboene våre - eller de vi treffer på jobben.

Mange er flinke til å vise omsorg og godhet. Men hvis vi oppmuntrer og hjelper hverandre, kan vi bli enda bedre. Tenk hvor godt vi kunne ha det da! Min

drøm er at Klepp kommune skal bli den beste plassen i landet å bo, for der bryr folk seg om hverandre og er gode mot hverandre.

Trenger du tips? Her er noen: snakk med folk du møter, gi oppmuntringer, tilby hjelp, gå på besøk, inviter på besøk, snakk positivt om andre og del hvis du har noe å dele. Og noen ganger kan bare et smil eller en klem bety noe.

I sommer var jeg og mannen min på sykkelstur og traff mange hyggelige mennesker. Men da erfarte vi at det var når vi trengte hjelp, at folk aller mest fikk vist oss hvor snille de var. Spilene i det ene sykkelhjulet brakk tre forskjellige ganger for oss, og hver gang var folk vi møtte svært hjelpsomme og viste oss godhet. De hjalp oss så vi fikk reparert hjulet igjen. Og vi var like imponert, glade og takknemlige hver gang. Så kanskje vi ikke skal være så opptatt av at alt skal se så perfekt og vellykket ut. Det er når vi viser våre svakheter og trenger hjelp at vi vil oppdage hvor mange kjekke folk som er rundt oss. Kanskje vi skal våge å ikke alltid være perfekte og få til alt selv.

Du skal kanskje ikke streve med å få til alt selv - snarere tvert i mot! Hvis du våger å vise at det er ting du trenger hjelp til, kan du risikere at noen blir svært glade for å få hjelpe deg. Enten vi da gir hjelp eller får hjelp så er det noen som blir glade og vi kommer inn i en god sirkel.

Lykke til med både å vise godhet og ta i mot hjelp og omsorg!

Personalnytt

Organist Ove Byberg har fått permisjon frå stillinga i Bore kyrkje ut 2015. I hans stad er Beth Elin Byberg tilsett som vikar.

Frode Helvig har fått endra si stilling frå 90% til 50% som prest for Klepp stasjon kyrkjelyd. Frøyland og Orstad kyrkjelyd har framleis ikkje organist/musikar, slik at dei inntil vidare baserer seg på frivillige som spelar til gudstenestene.

Barnepastor Solveig Grønlien Kindervåg er framleis langtidssjukemeldt, og vikar i den 50 % stillinga er Martha Nordbø.

Kyrkjeverge Dagbjørg Staume har gått ut i morspermisjon, og er ikkje tilbake før i januar 2016. Per Åge Skretting er tilsett som vikar i perioden.

BORE, KLEPP OG ORRE ER MED I FORSKNINGSPROSJEKT

Forskningsprosjektet har tittelen «Kirkelig frivillighet i helsefremningsperspektiv» og er del av eit doktorgradsprosjekt som går ut fra Diakonhjemmet Høgskole i Oslo. Målsettinga med prosjektet er å gjera ei kartlegging av den frivillige tenesta i kyrkja og korleis kyrkja slik bidreg i helsefremmande arbeid. Kyrkjelydane har takka ja til å vera med, og Grete Framgarden, som er stipendiat ved Diakonhjemmet Høgskole, vil i februar månad vera å sjå på ein del av tiltaka i kyrkjelydsarbeidet. Ho vil og intervjuva nokre av dei frivillige om kva frivilligarbeidet tyder i deira liv.

(For meir informasjon om prosjektet – ta kontakt med kyrkjekontoret som vil formidla kontakt vidare)



VÅRREINGJERING/DUGNAD I KYRKJENE

Dei siste åra har vi hatt vårreingjering i kyrkjene våre. Vi går da saman og gjer reint der vi til vanleg ikkje kjem til. Til dømes vasking av tak, veggjar og vindauger, pussing av lysekroner og sølvtøy.

Det er trivelig å gjere ting saman, samtidig som kyrkjene våre vert reine og fine før konfirmasjon og andre festdagar. Dess fleire som kjem, dess meir får vi gjort.



Vi inviterer derfor dei som har anledning til å delta når dei kan

- o Orre kyrkje måndag 2. mars kl. 17-20
- o Klepp kyrkje måndag 9. mars kl. 09-14 og 17-20
- o Bore kyrkje måndag 23. mars kl. 09-14 og 17-20

Vi serverer lunch ca 11.30

VELKOMMEN !

24 års samling og gudsteneste i Orre kyrkje



Ein etter ein kjem dei i lag med mor eller far inn i kyrkja litt før fem denne onsdagskvelden i november. Dei er litt sjenerte, ser seg forsiktig rundt og etter kvart er sju 4 åringar samla heilt framme i kyrkja. Jarle prest held fram sauene «Shaun» og fortel om sauene som gjekk seg bort. Barna fylgjer ivrig med og plutselig seier ein. «I denne kyrkja er eg døypt».

Rundt i kyrkja er det postar. Ei mor lyftar ei jente opp slik at ho får tent lyset i lysgloben. Ein 4 åring ser seg i speilet og høyrer den vaksne si «Du er elska av Gud».

I kyrkjesalen har Kjersti gøymt små lam og no er tida inne for å finne dei! Då er det ingen sjenerte 4 åringar lenger. Dei spring, leitar, vert utolmodig og leitar vidare. «Eg fann», ropar ein og strålar av glede. Så sit dei benka rundt bordet og pyntar kort med bilete av Jesus som den gode hyrding. Samlinga vert avslutta med bollar og saft.

På sundagen er kyrkja nesten full av barn og vaksne. Det er sundagsskulens dag, 4 åringane syng i lag med søndagsskulen og dei får kvar sin barnebibel.

